

# MØTEPROTOKOLL

---

**Utval:** Utval for natur  
**Møtestad:** kommunehuset  
**Møtedato:** 01.02.2007 **Tid:** 15.00 – 18.30

---

Innkalling til møtet vart gjort i samsvar med § 32 i kommunelova.

Sakslista vart sendt medlemene og varamedlemene (evt. dei to første varamedlemene på kvar valliste) i brev .

Møtet vart kunngjort i Samningen.

Av 7 medlemmer møtte 5 , inkl. varamenn:

**Desse medlemene møtte ikkje:**

Janne Drevsjø  
Frode Bjørnås

**I staden møtte:**

**Andre som var tilstade på møtet:**

Leiar av teknisk eining, administrasjonssjefen

**Merknader:**

Utvalet handsama sakene 1, og 3 – 12. Dei utsette sakene vil verta handsama på eit ekstra møte onsdag 14.02.2007 kl 15.00. Møtet startar med synfaring med oppmøte på Bjørkheim.

Evt. merknader til protokollen må sendast Samnanger kommune innan 3 dagar.

Tysse, 2. februar 2007

**GODKJENNING AV INNKALLING OG SAKSLISTE:**

Leiaren gjorde framlegg om at møtet varte maksimalt til kl 19.00, og at det vart sett nytt møte dersom ikkje alle sakene var handsama. Han gjorde og framlegg om å flytta sak 2 til slutten av møtet. Med desse merknadane/endingane vart innkalling og saklista godkjend.

**GODKJENNING AV PROTOKOLL FRÅ FØRRE MØTE:**

Protokollen frå førre møtet vart godkjend

**UTVALET SITT KVARTER:**

**Sture Tveit** ba om informasjon om oppfølging av arbeidet med **sikring av friområde**.

Adm.sjefen orienterte om dei førespurnadane og dei tilbakemeldingane som er gitt for områda på Gjerde og Bjørkheim. Det er no samarbeid med BOF med tanke på å få fram leigeavtalar til dei som har gitt tilbakemelding om at dei helst ønskje at kommunen leiger område.

Tveit spurte og om kor mykje kommunen eig ved sida av kommunale vegar og kva som er avtalt med tomtekjøparane på Lønnebakken i høve til storleik på tomtene.

Det vart orientert om at det ofte var slik at kommunen eig 1 meter frå asfaltkant på kvar side av ein veg i eit bustadfelt. Dette vil variera. Tomtekjøparane får opplyst at oppgjeve tomtestorleik er ikkje absolutt og at det må påreknast avvik ( 10 % er normalt). Prising av tomtene er ikkje åleine bestemt av storleiken på tomta, og avvik endrar derfor sjeldan tomteprisen.

Tveit viste og til situasjonen med straumstans for ei kort tid tilbake der m.a. kommunehuset var utan straum. Han etterlyste kva planar kommunen har for slike situasjonar.

Adm.sjef orienterte om vedteken kriseplan. BKK som ansvarleg straumleverandør i distriktet vårt arbeider med planar for forsyning av sentrale bygg i perioder med straumutkopling . Det er eit problem for kommunen at me har dårleg tilgang på aggregat. Telefonsentralen på kommunehuset har ikkje reserveløysing ved straumutfall, noko som er eit problem som er handtert i kriseplanen.. Ved sist straumstans vurderte administrasjonen det som ikkje naudsynt å sette i verk ekstraordinære tiltak.

**Øyvind Røen** viste til at det i utsendinga til personal- og økonomiutval låg med ein førespurnad om støtte til arbeidet med høgfartsbane. Han spurde korleis kommunen ville handtera denne førespurnaden.

Adm.sjef sa at utvalet vert bedt om å drøfte om det skulle ytast tilskot til organisasjonen. Eit evt. tilskot kan ikkje forståast slik at kommunen har teke stilling til trasèval m.m.

**Idar Reistad** viste til at det var innført ny hundelov som inneber at lokale forskrifter vart sett til side. Perioden for bandtvang i hundelova er mindre enn i våre forskrifter. Administrasjonen vart bedt om legge fram sak som sikra interessene til sauebøndene.

Adm.sjefen orienterte om at saka låg til utgreiing.

**MERKNADER TIL SKRIV OG MELDINGAR:**

Det vart reist spørsmål ved fylkesmannen sine tilbakemeldingar i tre klagesaker. Det vart orientert nærare om dei, samt at for to av sakene som galdt bustadfeltet på Lønnebakken vart kopi av skrivet delt ut.

Det vart vidare orientert om

- Utlysing av stilling som plan- og miljøkonsulent
- Oppmålingsarbeidet

- Sal av næringsareal Rolvsvåg
- Tilsyn og lignende frå statlege styresmakter kva gjeld PCB-handtering, rutinar for avlaup og for vassleidningsanlegg m.m. Her må det leggest ned eit omfattande arbeid, samt at det må kjøpast inn dataprogram/-reiskap

Desse sakene vart handsama:

## SAKSLISTE

<b>Utvalgssakstype/nr.</b>	<b>Arkivsaksnr. Tittel</b>
0001/07	06/00489 <b>KLAGE PÅ VEDTAK I DELEGERT SAK 63/06 AVSLAG PÅ BYGGJESØKNAD FOR RUBBHALL PÅ GNR.18 BNR.9</b>
0002/07	07/00029 <b>KRITERIA FOR KOMMUNALE VEGAR</b>
0003/07	06/00445 <b>KLAGE PÅ VEDTAK OM BYGGJELØYVE FOR GARASJE PÅ GNR.24 BNR.85 GJERDE</b>
0004/07	06/00446 <b>KLAGE PÅ VEDTAK I UTVAL FOR NATUR SAK 63/06 BYGGJELØYVE FOR BALLBINGE PÅ LØNNEBAKKEN.</b>
0005/07	06/00458 <b>FRÅDELINGSSAK GNR 30, BNR 7 NYUTLØTRÆ.</b>
0006/07	06/00468 <b>SØKNAD OM DELING - GNR/BNR 12/3</b>
0007/07	06/00500 <b>SØKNAD OM DISPENSASJON FRÅ KOMMUNEPLAN FOR TILSAGN OM BYGGJELØYVE FOR HYTTE OG NAUST PÅ GNR.14 BNR.9 KLEPPE</b>
0008/07	06/00536 <b>DELINGSSAK GNR 26, BNR 4.</b>
0009/07	06/00538 <b>SØKNAD OM FRITAK FRÅ BU OG DRIVEPLIKT GBNR.45/1 I SAMNANGER KOMMUNE</b>
0010/07	06/00557 <b>DELINGSSAK GNR 39, BNR 5.</b>
0011/07	06/00437 <b>SØKNAD OM DELING AV GRUNNEIGEDOM - GNR/BNR 45/1</b>

- 0012/07                    06/00413  
**DELINGSSAK HYTTETOMTER GNR 33, BNR 10.**
- 0013/07                    07/00025  
**OPPSTART AV KOMMUNEDELPLAN - STRANDSONEPLAN  
FOR SAMNANGER KOMMUNE**
- 0014/07                    06/00379  
**KRITERIE FOR TILDELING AV NAUSTTOMTER I  
ROLVSVÅG**
- 0015/07                    05/00181  
**SAL AV HAGAMULEN, DRØFTING AV VILKÅR OG  
FRAMGANGSMÅTE**

0001/07

**KLAGE PÅ VEDTAK I DELEGERT SAK 63/06  
AVSLAG PÅ BYGGJESØKNAD FOR RUBBHALL PÅ GNR.18 BNR.9**

**Framlegg til vedtak::**

Med heimel i plan og bygningslova §§ 93 og 95 vert det gjeve byggjeløyve for rubbhall på gnr.18 bnr.9 Reistad.

Løyvet er gjeve i samsvar med melding dgs.20.10.2006.

**Handsaming i møte:**

**Øyvind Røen** ba om å få vera ugild ved handsaming av denne saka. Han grunnga det med økonomiske interesser.

Utvalet gjekk samrøystes inn for at han var ugild. Varamedlem Solvor Aadland tok sete for han.

**Sture Tveit** sette fram slikt framlegg:

*Saka vert utsett til neste møte. Administrasjonen vert beden om å ta kontakt med søkjar for å drøfte alternativ plassering og få klarlagt storleiken på bygget meir eksakt.*

Utvalet slutta seg samrøystet til utsettingsframlegget.

**Vedtak:**

*Saka vert utsett til neste møte. Administrasjonen vert beden om å ta kontakt med søkjar for å drøfte alternativ plassering og få klarlagt storleiken på bygget meir eksakt.*

0002/07

**KRITERIA FOR KOMMUNALE VEGAR**

**Framlegg til vedtak::**

Saka vert lagt fram til drøfting.

**Handsaming i møte:**

Saka vart ikkje handsama i dette møtet.

**Vedtak:**

Saka vert teke opp att til handsaming på neste møte.

0003/07

**KLAGE PÅ VEDTAK OM BYGGJELØYVE FOR GARASJE  
PÅ GNR.24 BNR.85 GJERDE**

**Framlegg til vedtak::**

Med grunngeving i at det ikkje ligg føre nye momenter i høve til opprinneleg vedtak vert klagen dgs.16.11.06 ikkje teken til fylgje.

Vedtak i delegert sak nr.57/06 vert oppretthalde.

Saka vert sendt Fylkesmannen i Hordaland til avgjerd.

**Handsaming i møte:**

Framlegg til vedtak vart samrøystes vedteke.

**Vedtak:**

Med grunngeving i at det ikkje ligg føre nye momenter i høve til opprinneleg vedtak vert klagen dgs.16.11.06 ikkje teken til fylgje.

Vedtak i delegert sak nr.57/06 vert oppretthalde.

Saka vert sendt Fylkesmannen i Hordaland til avgjerd.

0004/07

**KLAGE PÅ VEDTAK I UTVAL FOR NATUR SAK 63/06  
BYGGJELØYVE FOR BALLBINGE PÅ LØNNEBAKKEN.**

**Framlegg til vedtak::**

Klagen inneheld ikkje nye momemt som inneber at tidlegare vedtak bør endrast. Vedtak i sak 63/06 vert oppretthalde. Saka vert sendt Fylkesmannen i Hordaland.

For å hindra at arbeidet med bygging av ballbingen startar før saka er endeleg avgjort av Fylkesmannen, vert det med heimel i forvaltningslova §42 vedteke at byggjearbeidet ikkje kan starta før klaga er endeleg avgjort.

**Handsaming i møte:**

**Sture Tveit** sette fram slikt framlegg til vedtak:

*Klagen vert teken til fylgje.*

*Hovudgrunnen er at ein ballbinge i eit boligområde fører til støy som kan virka ubehageleg for dei som bur nærast.*

Det vart røysta alternativt over dei to framlegga. To røysta for framlegget frå Sture Tveit og tre for framelegget frå administrasjonssjefen.

**Vedtak:**

Klagen inneheld ikkje nye momemt som inneber at tidlegare vedtak bør endrast. Vedtak i sak 63/06 vert oppretthalde. Saka vert sendt Fylkesmannen i Hordaland.

For å hindra at arbeidet med bygging av ballbingen startar før saka er endeleg avgjort av Fylkesmannen, vert det med heimel i forvaltningslova §42 vedteke at byggjearbeidet ikkje kan starta før klaga er endeleg avgjort.

0005/07

**FRÅDELINGSSAK GNR 30, BNR 7 NYUTLØTRÆ.**

**Framlegg til vedtak::**

Det vert etter plan- og bygningslova § 7 ikkje gjeve dispensasjon til å dela ei hyttetuft på om lag 1 daa frå gnr/bnr 30/7 i Samnanger kommune. Det vert ikkje funne særleg grunnar for å gje dispensasjon.

Det vert etter jordlova § 12 ikkje gjeve løyve til å dela ei hyttetuft på om lag 1 daa frå gnr/bnr 30/7 i Samnanger kommune. Det er samfunnsinteresser i høve til natur- og friluftaktivitetar i område. Det aktuelle område er også einaste tilskomst til eit større utmarkareal på gn/bnr 30/7.

**Handsaming i møte:**

**Sture Tveit** sette fram slikt framlegg til vedtak:

*Det vert etter plan- og bygningslova § 7 gjeve dispensasjon til å dela ei hyttetuft på om lag 1 daa frå gnr/bnr 30/7 i Samnanger kommune.*

*Det vert etter jordlova § 12 gjeve løyve til å dela ei hyttetuft på om lag 1 daa frå gnr/bnr 30/7 i Samnanger kommune.*

*Den frådelt tufta skal ikkje vera nærare Larstjørna enn kotemarkeringa vist på kart vedlagd saka.*

Tre røysta for framlegget frå Sture Tveit og to for framlegget frå administrasjonssjefen.

**Vedtak:**

Det vert etter plan- og bygningslova § 7 gjeve dispensasjon til å dela ei hyttetuft på om lag 1 daa frå gnr/bnr 30/7 i Samnanger kommune.

Det vert etter jordlova § 12 ikkje gjeve løyve til å dela ei hyttetuft på om lag 1 daa frå gnr/bnr 30/7 i Samnanger kommune.

Den frådelt tufta skal ikkje vera nærare Larstjørna enn kotemarkeringa vist på kart vedlagd saka.

0006/07

**SØKNAD OM DELING - GNR/BNR 12/3**

**Framlegg til vedtak::**

Det vert etter plan- og bygningslova § § 7 og 17-2 gjeve dispensasjon til deling av eit areal på om lag 800 m<sup>2</sup> frå gnr/bnr 12/3 i Samnanger kommune. Arealet skal vera tilleggsareal til gnr/bnr 12/22.

Det vert etter jordlova § 12 gjeve løyve til å dele eit areal på 800 m<sup>2</sup> frå gnr7bnr 12/3 i Samnanger kommune. Arealet skal vera tilleggsareal til gnR7bnr 12/22.



**Handsaming i møte:**

Framlegg til vedtak vart samrøystes vedteke.

**Vedtak:**

Det vert etter plan- og bygningslova § 7 og 17-2 gjeve dispensasjon til deling av eit areal på om lag 800 m<sup>2</sup> frå gnr/bnr 12/3 i Samnanger kommune. Arealet skal vera tilleggsareal til gnr/bnr 12/22.

Det vert etter jordlova § 12 gjeve løyve til å dele eit areal på 800 m<sup>2</sup> frå gnr/bnr 12/3 i Samnanger kommune. Arealet skal vera tilleggsareal til gnr/bnr 12/22.

0007/07

**SØKNAD OM DISPENSASJON FRÅ KOMMUNEPLAN FOR TILSAGN OM BYGGJELØYVE FOR HYTTE OG NAUST PÅ GNR.14 BNR.9 KLEPPE**

**Framlegg til vedtak::**

Med heimel i plan og bygningslova § 7 vert det gjeve dispensasjon frå kommuneplanen for bygging av hytte på gnr.14 bnr.9. Det vert vektlagt at det tomte er frådelt til hytteføremål. Det vert ikkje gjeve løyve til bygging av naust. Her må ein avventa til strandsoneplanen er vedteken.

Det må søkjast om byggjeløyve før bygging startar. I søknad om byggjeløyve må tilkomst til tomt dokumenterast. Dersom det skal vera gangveg til hytta, skal det dokumenterast rett til biloppstillingsplass.

Vedr. opplysning om klagerett på vedtaket, vert det synt til forvaltningslova §§ 27 og 29-32 og plan og bygningslova § 15. Klagefristen er 3 veker frå de mottok vedtaket.

**Handsaming i møte:**

Framlegg til vedtak vart samrøystes vedteke.

**Vedtak:**

Med heimel i plan og bygningslova § 7 vert det gjeve dispensasjon frå kommuneplanen for bygging av hytte på gnr.14 bnr.9. Det vert vektlagt at det tomte er frådelt til hytteføremål. Det vert ikkje gjeve løyve til bygging av naust. Her må ein avventa til strandsoneplanen er vedteken.

Det må søkjast om byggjeløyve før bygging startar. I søknad om byggjeløyve må tilkomst til tomt dokumenterast. Dersom det skal vera gangveg til hytta, skal det dokumenterast rett til biloppstillingsplass.

Vedr. opplysning om klagerett på vedtaket, vert det synt til forvaltningslova §§ 27 og 29-32 og plan og bygningslova § 15. Klagefristen er 3 veker frå de mottok vedtaket.

0008/07

### **DELINGSSAK GNR 26, BNR 4.**

#### **Framlegg til vedtak::**

Det vert gjeve dispensasjon etter § 7 i plan- og bygningslova til frådeling av bustadtomt med våningshus frå gnr/bnr 26/4 i Samnanger kommune. Vedtaket er grunngeve med at deling ikkje vil endre bruken av huset.

Det vert etter jordlova § 12 gjeve løyve til å dele i frå våningshuset på gnr/bnr 26/4 i Samnanger kommune. Vedtaket er grunngeve med at eigedommen er under 100 da, og det såleis ikkje er bu- og driveplikt.

#### **Handsaming i møte:**

Framlegg til vedtak samrøystes vedteke.

#### **Vedtak:**

Det vert gjeve dispensasjon etter § 7 i plan- og bygningslova til frådeling av bustadtomt med våningshus frå gnr/bnr 26/4 i Samnanger kommune. Vedtaket er grunngeve med at deling ikkje vil endre bruken av huset.

Det vert etter jordlova § 12 gjeve løyve til å dele i frå våningshuset på gnr/bnr 26/4 i Samnanger kommune. Vedtaket er grunngeve med at eigedommen er under 100 da, og det såleis ikkje er bu- og driveplikt.

0009/07

### **SØKNAD OM FRITAK FRÅ BU OG DRIVEPLIKT GBNR.45/1 I SAMNANGER KOMMUNE**

#### **Framlegg til vedtak::**

Samnanger kommune gjev fritak for bu- og driveplikt i 5 år på gnr/bnr 45/1 i Samnanger kommune til Marit og Hilmar Sandvik. Det vil seia fram til 01.10.09. Vedtaket har heimel i odelslova § 27a.

Eigarane skal likevel forvalte eigedommen med tanke på kulturlandskap og utmark (konsesjonslova §11).

#### **Handsaming i møte:**

Framlegg til vedtak vart samrøystes vedteke.

**Vedtak:**

Samnanger kommune gjev fritak for bu- og driveplikt i 5 år på gnr/bnr 45/1 i Samnanger kommune til Marit og Hilmar Sandvik. Det vil seia fram til 01.10.09. Vedtaket har heimel i odelslova § 27a.

Eigarane skal likevel forvalte eigedommen med tanke på kulturlandskap og utmark (konsesjonslova §11).

0010/07

**DELINGSSAK GNR 39, BNR 5.****Framlegg til vedtak::**

Det vert etter plan- og bygningslova § 7, *Dispensasjon*, ikkje gjeve dispensasjon til å dele to hyttetufter i frå gnr/bnr 39/5 i Samnanger kommune. Kommunen finn ikkje særlege grunnar til å gje dispensasjon frå kommuneplan.

Det vert etter jordlova § 12 ikkje gjeve løyve til å dele i frå to hyttetufter på gnr/bnr 39/5. Område er sett av landbruk-, natur- og friluftsområde i arealplan, og Frølandselva er sett som grense for vidare utbygging i sørleg retning.

**Handsaming i møte:**

Framlegg til vedtak vart vedteke mot 1 røyst.

**Vedtak:**

Det vert etter plan- og bygningslova § 7, *Dispensasjon*, ikkje gjeve dispensasjon til å dele to hyttetufter i frå gnr/bnr 39/5 i Samnanger kommune. Kommunen finn ikkje særlege grunnar til å gje dispensasjon frå kommuneplan.

Det vert etter jordlova § 12 ikkje gjeve løyve til å dele i frå to hyttetufter på gnr/bnr 39/5. Område er sett av landbruk-, natur- og friluftsområde i arealplan, og Frølandselva er sett som grense for vidare utbygging i sørleg retning.

0011/07

**SØKNAD OM DELING AV GRUNNEIGEDOM - GNR/BNR 45/1****Framlegg til vedtak::**

Det vert etter plan- og bygningslova, § 7, ikkje gjeve dispensasjon til å dela eit areal på om lag 850 m i frå gnr/bnr 45/1. Det vert ikkje funne særlege grunnar for å gje dispensasjon i denne saka. Arealet var søkt som tilleggsareal til gnr/bnr 45/20.

Det vert etter jordlova, § 12, ikkje gjeve løyve til å dela eit areal på om lag 850 m<sup>2</sup> i frå gnr/bnr 45/1. Det vert ikkje godkjennast å dela i frå eit jordbruksareal med føremål fritidsbruk. Arealet var søkt som tilleggsareal til gnr/bnr 45/20.

**Handsaming i møte:**

Framlegg til vedtak vart vedteke mot 1 røyst.

**Vedtak:**

Det vert etter plan- og bygningslova, § 7, ikkje gjeve dispensasjon til å dela eit areal på om lag 850 m<sup>2</sup> i frå gnr/bnr 45/1. Det vert ikkje funne særlege grunnar for å gje dispensasjon i denne saka. Arealet var søkt som tilleggsareal til gnr/bnr 45/20.

Det vert etter jordlova, § 12, ikkje gjeve løyve til å dela eit areal på om lag 850 m<sup>2</sup> i frå gnr/bnr 45/1. Det vert ikkje godkjennast å dela i frå eit jordbruksareal med føremål fritidsbruk. Arealet var søkt som tilleggsareal til gnr/bnr 45/20.

0012/07

**DELINGSSAK HYTTETOMTER GNR 33, BNR 10.****Framlegg til vedtak::**

Det vert etter pbl. § § 7 og 63 gjeve løyve til å dela i frå 3 hyttetuffer på gnr/bnr 33/10 i Samnanger kommune. Det vert sett som vilkår at tilkomst vert etter veg nr. 11 som går til Kuhaugen.

Det vert etter jordlova § 12 gjeve løyve til å dela i frå 3 hyttetuffer frå gnr/bnr 33/10 i Samnanger kommune. Det vert sett som vilkår at ikkje dyrkamark vert delt i frå, og at tilkomst vert etter veg nr. 11 som går til Kuhaugen.

**Handsaming i møte:**

Framlegg til vedtak vart samrøystes vedteke.

**Vedtak:**

Det vert etter pbl. § § 7 og 63 gjeve løyve til å dela i frå 3 hyttetuffer på gnr/bnr 33/10 i Samnanger kommune. Det vert sett som vilkår at tilkomst vert etter veg nr. 11 som går til Kuhaugen.

Det vert etter jordlova § 12 gjeve løyve til å dela i frå 3 hyttetuffer frå gnr/bnr 33/10 i Samnanger kommune. Det vert sett som vilkår at ikkje dyrkamark vert delt i frå, og at tilkomst vert etter veg nr. 11 som går til Kuhaugen.

0013/07

### **OPPSTART AV KOMMUNEDELPLAN - STRANDSONEPLAN FOR SAMNANGER KOMMUNE**

#### **Framlegg til vedtak::**

Samnanger kommune vedtek å starta arbeidet med kommunedelplan for strand- og sjøsona i kommunen. Jamfør plan- og bygningslova § 20- 1

Vedtak om oppstart skal kunngjerast i samsvar med plan- og bygningslova § 20- 5/ 27- 1

#### **Handsaming i møte:**

Saka vart drøfta, og utsett til neste møte.

#### **Vedtak:**

Saka vert teken opp til avgjerd i neste møte.

0014/07

### **KRITERIE FOR TILDELING AV NAUSTTOMTER I ROLVSVÅG**

#### **Framlegg til vedtak::**

Nausttomtene vert tildelt i samsvar med dei prinsippa som er presentert i saksutgreiinga i denne saka.

#### **Handsaming i møte:**

#### **Vedtak:**

Saka vert teken opp til avgjerd i neste møte.

0015/07

### **SAL AV HAGAMULEN, DRØFTING AV VILKÅR OG FRAMGANGSMÅTE**

#### **Framlegg til vedtak::**

Saka vert lagt for utvalet til drøfting og mogleg vedtak.

#### **Handsaming i møte:**

#### **Vedtak:**

Saka vert teken opp til avgjerd i neste møte.